



Radøy kommune  
Austebygd skule

Info til heimane på 5.-7.årstrinn

### Kontaktlærarane på 5.-7.årstrinn skal på studietur til USA.

Frå måndag 8.mai - t.o.m. måndag 15. mai er Linn Merete Myrtveit og Linn Stevnebø i USA i samband med det prosjektet 5.-7. årstrinn har gjennom Utvandringssenteret.

I denne perioden vil det bli ein del endringar på elevane sine timeplanar - og i tillegg til vikarar, blir det litt "flytting" på lærar mellom klassane.

### Måndag 8.mai.

Heile skulen går fredsmarsj til Utvandringssenteret. (Sjå eige skriv.)

### Torsdag 11.mai.

Denne dagen skal alle Radøy-skulane gjennomføra ein **strand-ryddedag**.

På Austebygd vert det 5.-7.årstrinn som skal vera med på dette. I forkant og etterkant av denne dagen i strandsona, vil elevane på mellomtrinnet i veke 19 arbeida med temaet *Marin Forsøpling*.

På strand-ryddedagen har me planlagt å dra til **strandområda rundt Valdersneset**. Dette er eit område der me kan ha god oversikt over alle. Elevane møter på skulen til vanleg tid om torsdagen, og rundt kl. 09.00 vil personalet kjøra elevane til Valdersneset. Dei vil bli henta/kjørt tilbake til skulen når "oppdraget" er ferdig.

NGIR er også opptatt av dette temaet, og me vil få plasthanskar og sekkar til ryddejobben hos dei.

UTSTYR: Alle må gå i støvlar - og elles vera kledd etter veret!

Elevane må ha med seg mat og drikke. Me vil leggja opp til ei triveleg matstund i strandkanten, så dei kan ha med seg **grillpølser** om dei ønskjer det. Det er også greitt å ha med **brus/saft eller kakao**. (Ikkje snop!)

**NB!** Alle må ha med redningsvest eller flytevest denne dagen!

(Ta kontakt med skulen dersom nokon treng låna dette.)

Austebygd skule, 3.mai 2017

*Torunn Tolleshaug Hovden*  
Torunn Tolleshaug Hovden  
rektor

